

Årsmøte

2021



Velkommen til årsmøte 26. mai 2021

Sakliste

- 1. Opning av årsmøtet**
- 2. Godkjenning av dei røysteføre**
- 3. Val av møteleiar, sekretær og to til å skrive under møteboka**
- 4. Godkjenne innkalling, sakliste og møtereclar**
- 5. Årsmelding 2020**
- 6. Revidert rekneskap, revisormelding og melding frå kontrollutvalet 2020**
- 7. Kontingent og treningsavgift for 2021**
- 8. Organisasjonsplan 2021**
- 9. Budsjett 2021**
- 10. Val**
- 11. Godkjenning av gruppestyra**
- 12. Innkomne saker til årsmøtet**
- 13. Open post**

Sak 6 Årsmelding frå hovudstyret 2020

Hovudstyret 2020

Arbeidsutvalet i lag med gruppeleiarane utgjort hovudstyret for 2020.

ARBEIDSUTVAL			Neste valår
Leiar	Else Margrethe Larsen	Attval	2021
Nestleiar/studiesekretær	Karoline Aldis Bjerkeset	Ny	2022
Kasserar	Kjellfrid Åsnes Gloppestad	Ny	2021
Vara til styret	Jon Kåre Lundestad	Attval	2021

ØKONOMI			
Leiar	Roger Sunde Andenæs	Ikkje på val	2021
	Eli Evebø	Attval	2022
	Knut Åge Hauge	Ny	2022
	Grete Liv Tisthamar	Ikkje på val	2021
	Jon Erik Aske	Ikkje på val	2021

BARNEIDRETT			
Leiar	Egil Fjellestad	Ikkje på val	2021
	Kevin Skinlo Denton	Ny	2022
	Bodil Hjelmeset	Attval	2022
	Bodil Fjellestad Eikrem	Attval	2022
	Marius Aske	Ikkje på val	2021

SKI			
Leiar	Astrid Fjellestad Hauge	Attval	2021
	Øyvind Seim	Ikkje på val	2021
	Arne Nesgård	Attval	2022
	Sverre Nesdal Aske	Ikkje på val	2021
	Jan Roger Engeset	Ikkje på val	2021
Vara	Jonfinn Aske	Ikkje på val	2021

FRIIDRETT			
Leiar	Dagfinn Nyhammer	Attval	2021
	Kjersti Bjotveit	Attval	2022
	Else Lundestad	Ikkje på val	2021
	Arne Klakegg	Ny	2022
	Magne Ravnestad	Ikkje på val	2021
Vara			

TRIMUTVALET			
Leiar	Bård Kjetil Aske	Attval	2021
	Dag Apalset	Attval	2022
	Edvard Fjellestad	Ikkje på val	2021
	Kjell Jørgen Slettavold	Ikkje på val	2021
	Rune Hauge	Ikkje på val	2021

Vara		
------	--	--

ORIENTERING (ikkje aktiv gruppe – kun kontaktperson)			
Leiar	Vidar Eide	Ikkje på val	2021

VOLLEYBALL			
Leiar	Birte Fossheim	Attval	2022
	Kari Søreide	Ikkje på val	2021
	Heidi Kroken	Ikkje på val	2021

HANDBALL			
Leiar	Hege Roth-Andenæs	Ny	2021
	Benedicte Hatledal	Ny	2022
	Janne Katrin Føleide	Attval	2022
	Siv Anita Drageset	Attval	2022
	Sissel Ravnestad	Ikkje på val	2021

Kontrollutval/revisjon			
Vara	Magne Vereide	Attval	2021
	Oddrun Slagstad	Attval	2021
	Sigbjørn Heggdal	Ny	2021

VALNEMND			
Leiar	Steffen Fjellestad	Ikkje på val	2021
	Olin Austrheim	Ikkje på val	2022
	Erling Sande	Ny	2023

Representasjon

Representasjon kjem fram under dei ulike gruppene.

Medlemsoversikt 2020

Tal medlemmar har gått ned med 35 sidan 2019. Det er litt nedgang i dei tre yngste klassane, medan gruppa over 25 år har auka. Det er gledeleg å sjå at vi framleis har mange medlemmar i aldersgruppa 13 – 19 år, då ein på landsbasis har fråfall i den gruppa knytt til organisert idrett.

	0 – 5 år	6 - 12 år	13 – 19 år	20 – 25 år	Over 25 år	Totalt
Menn	7	41	39	11	105	203
Kvinner	6	41	57	9	98	211
Totalsum	13	82	96	20	203	414

Medlemsavgift og treningsavgift

Laget ligg på eit moderat nivå når det gjeld medlems- og treningsavgift, slik at flest mogleg skal kunne delta i aktivitetane.

	Medlemsavgift	Treningsavgift
Born 0 – 10 år	200 kr	0
Born 11 – 19 år	200 kr	350
Vaksne	300	500

Styrearbeid

Styret har hatt 4 styremøte i meldingsåret der det både har vore fysiske styremøte og digitale styremøte på Teams grunna covid-19-pandemien. Arbeidsutvalet (AU) har hatt førebunde møte i samband med styremøta. Det har og vore kommunikasjon mellom styret og mellom medlemmar i AU på e-post.

Viktige hendingar

Innsatsprisen 2020 vart i år delt ut til André Aske Granheim. Aske Granheim utmerkar seg fyrst og fremst innan langrenn, men er også aktiv innan terreng- og landevegsløp.

Heidersprisen 2020 vart delt ut til Roger Sunde Andenæs som leiar økonomigruppa i Fjellhug/Vereide IL og som har gjort ein formidabel innsats for idrettslaget gjennom si leiing av økonomigruppa i fleire år og sitt arbeid for å skaffe inntekter til laget.

Laget har ei løpebane ved Nordstranda barnehage, som er nytta for dei yngste borna for friidrett. Det har vore eit behov for å ruste opp bana. For å kunne søkje om spelemidler treng ein festeavtale for 30 år og det har vore dialog med Opplysningsvesenets fond som eig grunnen. Vidare har ein vore i kontakt med vernemyndigheitene i Vestland fylkeskommune for å få godkjenning til å legge fast dekke på løpebana. Vi fekk avslag på søknaden frå vernemyndigheitene. Saka er anka og vi ventar framleis på svar.

Fjellhug/Vereide IL er aktivt inne i arbeidet med Idrettsplassen på Sandane med leiar i laget og leiar frå friidretten som deltakarar i prosjektgruppa. Prosjektgruppa som har arbeidd med Idrettsplassen er representert ved STIL – fotball og friidrett, Gloppen idrettsråd, Firda vidaregåande skule, Gloppen ungdomsskule, Fjellhug/Vereide IL og Gloppen kommune. Det er eit behov og ynskje om å ruste opp Idrettsplassen slik at den er tenleg for fotballen, friidretten og for Firda vidaregåande skule. Det har vore arbeidd aktivt politisk, søkt om spelemiddelfinansiering og støtte frå sponsorar. Arbeidet går føre seg framleis, men har teke ein anna retning m.a. grunna Gloppen kommune si økonomiske situasjon.

Korona-status

Året har vore prega av korona og det har hatt konsekvensar for aktiviteten i laget. Årsmøtet 2019 skulle haldast 22.mars, men måtte utsettast til 26.april og vart halde som nettmøte. Styremøte har vore heldt fysisk frå mai, med dei smittevernreglane som har vore gjeldande.

Aktiviteten i alle gruppene er sterkt prega av koronasituasjonen og tiltaka som vart sette i verk 13. mars 2020. Norges idrettsforbund har hatt kompensasjonsordningar knytt til korona, men vi har diverre ikkje kome innfor dei rãmene.

Økonomigruppa har ikkje kunne vore med på inntektsgjevande dugnad og det har vore eit tap for laget.

Barneidretten avslutta aktivitetane, normalt går dei fram til påske.

Volleyball fekk fullført sesongen med seriespel, men måtte avslutte treningane før planen.
Handball avslutta all aktivitet 12.mars så sesongen vart ikkje fullført, verken treningar eller kampar.

Skigruppa fekk gjennomført fire karusellrenn, medan Rypeskarrennet vart avlyst grunna korona.
Trimgruppa avslutta 12.mars. Siste friidrettstreninga var 11.mars, Svinestranda Opp vart avlyst.
Gloppen Halvmaraton vart gjennomført under strenge smittevernreglar.

Vi syner elles til årsmeldingane frå dei særvidrettsgruppene.

Sponsorar

Fjellhug/Vereide IL sitt samarbeid med lokale sponsorar og samarbeidspartar er viktig for at vi kan drifte idrettslaget og skape aktivitet for medlemmane våre.

Sponsorar for Fjellhug/Vereide IL 2020 har vore:

- *Olav Hjelmeset AS – hovudsponsor*
- *Leiv Austrheim AS – støttespelar*
- *Sandane kiropraktor Ida Seim – einskildsponsor (drakt)*
- *Rema 1000 – einskildsponsor (drakt)*
- *Advokat Jan Erik Mardal/Gloppen eigedomsmekling (einskildsponsor – skilt)*
- *Nordfjord laks AS – einskildsponsor (skilt)*

I tillegg har vi og eit godt samarbeid med *Intersport Henden AS* som leverer treningstøy til idrettslaget. Avtala med Intersport er reforhandla og vi ser fram til eit vidare godt samarbeid.

Sponsorar på einskildarrangement 2020 har vore:

- Frydenbø
- BANO
- Accountor
- Nordfjord Laks AS
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Energi

Fjellhug/Vereide IL takkar våre sponsorar for godt samarbeid i året som har gått.



Leiar i Fj/V IL og representant frå Intersport Henden AS

Sluttord frå leiar

2020 har vore eit annleis og krevjande år knytt til korona-situasjonen. Vi har ikkje kunne tilby dei aktivitetane vi normalt har og vårt føremål er å fremme idrett ved samarbeid og kameratskap i sunne former. Eg rettar ei stor takk til gruppeleiarane og dei som elles bidreg til å halde aktiviteten oppe, i den grad det har vore mogleg i dette året.

Takk til sponsorar og støttespelarar, som er særskilt viktig for laget i desse tider kor vi har inntektskutt på arrangement og dugnad. Eg vil også rette ein stor takk til styret for godt samarbeid i året som har gått og ein takk til kontrollutvalet.

Helsing leiar i Fjellhug/Vereide IL

Else Margrethe Larsen

Årsmelding frå skigruppa

Gruppestyret

Leiar: Astrid Fjellestad Hauge

Medlemmar: Sverre Nesdal Aske, Øyvind Seim, Arne Nesgård, Jan Roger Engeset, Jonfinn Aske (vara)

Leiar eller andre har delteke på styremøta i laget. Arne er gruppa sitt medlem i sponsergruppa. Gruppa har delteke på basarene og andre dugnadar i regi av Fj/V.

Representasjon

Roger Aa Djupvik er medlem av Sogn og Fjordane skikrins, langrenn. Even Nesgård og Andre Aske Granheim er med på krinslaget.

Sesongen 2020

Snøen kom seint på Kleivane. Det førte til at Kleivanerennet som skulle vere i starten av februar måtte avlysast, og Sogndal IL overtok vårt renn.

Når så snøen kom i slutten av februar, heiv vi oss rundt og fekk arrangert Telenor-karusellen. Vi fekk arrangert 4 renn med totalt 167 deltakarar som var med på 1 eller fleire renn. Siste rennet var 11.mars, og so kom KORONAEN og heile Norge vart "lagt ned" frå 12.mars.

Dette førte til at resten av sesongen vart avlyst. Det vart ikkje JR-NM, Birken eller Rypeskarrenn. Ein rar situasjon for alle, men slik vart det.

Vinteren var ikkje slutt, og når folk ikkje skulle" vere ilag", var det mange som nytta dei fine løypene til å kome seg ut. Det var ei nydeleg påske, og mykje folk på ski.

Premieutdelinga for karusellen hadde vi ute på Nordstranda skule ein fin vårkveld. Det var teke omsyn til smittevern, og alle måtte sprite seg ved inngang på skuleplassen, og det var delt opp i grupper. Alle måtte reise rett etter at dei hadde henta premiane sine.

Vi får håpe på at det blir normalt til neste år.

Skigruppa takkar alle som hjalp til med karusellrenna, bakte kaker, delte ut saft mm.



Karusellrenn på Kleivane sesongen 2020.

Anlegg og maskiner

Ei stor takk til våre faste løypekøyrarar: Magnar Solheim, Ronny Solheim, Stein Hauge, Birger Berge og Sverre Nesdal Aske. Dei gjer ein kjempejobb kvar dag, for å halde løypene opne og fine.

Magnar og Birger syter for at maskinene er i orden, og problem blir fiksa etter kvart.

Det vart i haust lagt meir bark i løypa. Vi fekk igjennom Olav Hjelmeset AS tilgang på "skogen" som vart rydda langs E 39 i fjor. Dette vart lagra ved lageret til Fiskå Mølle, og flisa opp i slutten av oktober. Laurdag 7.november var det stor dugnad på Kleivane. Tre lastebilar køyrde skytteltrafikk frå Kattahamrane til Kleivane heile dagen, og der oppe var både hjullastar og traktorar i sving med å

køyre barken utover i løypa. I løypa var der mannskap som fordelte den jamt utover. Det vart att ein stor dunge med ekstra bark, som vi har til å supplere med til neste år.

Denne dagen vart også hytta vaska ned og rydda av Aske-damene. Stor takk til dei.

Til sesongen 2021 er det lagt ned 2 rør i elva ved Austrheimsstøylen, dette for å gjere det enklare å passere elva med trakkemaskin, og at elva ikkje reiser med "snøbrua". Dette må bli bra!

Det har også vorte mykje betre veg frå Fjølestadsaga til Solheim, då det har vorte utvida fleire plassar og lagt ny asfalt. Dette gjer vegen til Kleivane litt mindre "skummel" for dei fleste å køyre. No er det fleire plassar å kunne møtast og kome forbi kvarandre, so vi er glade for at kommunen har gjort dette arbeidet ferdig.

Fyrste løypekøyringa kom allereie 19. November 2020, og Sverre var snar å preparere. Det hjelpe utruleg med den barken som har vorte lagt ned, ein treng ikkje mange cm før løypene er fine.

Avslutting

Skigruppa takkar for sesongen 2020. Den kjem vi mest til å huske for KORONA 12. mars. Men vi var heldige som fekk 4 karusellrenn for dei små, så får vi heller håpe på ein betre 2021.

Ei stor takk til sponsorar som støttar på Kleivane, og er det fleire som vil vere med, er det berre å ta kontakt.

Då ser vi fram til ein snørik og aktiv sesong i 2021.

Velkomne til Kleivane skisenter.

For skigruppa

Astrid Fjellestad Hauge

Årsmelding frå Friidrettsgruppa 2020

Gruppestyret 2020

Dagfinn Nyhammer (leiar), Kirsti Bjotveit, Arne Klakegg, Magne Ravnstad, Else Lundestad og Lars Anders Hoel (vara).

Friidrettsgruppa organiserer trimmen i eit eige utval, **Trimutvalet**, med Bård Kjetil Aske som leiar

Møte

Vi har halde 2 gruppemøte, elles vert kontakten i gruppa ivareteken via SMS, e-post og Messenger.

Representasjon

Dagfinn Nyhammer er leiar i Dommarutvalet i Sogn og Fjordane Friidrettskrins, *Birger Berge* medlem i same utvalet. Leiaren i gruppa er med i jubileumsbok-nemnda.

Utdanning

Det har ikkje vore halde kurs for friidrettsgruppa i 2020.

Medlemstal

Medlemstalet i gruppa er nok om lag det same som det har vore siste åra. Totalt omlag 200 er aktive på ein eller annan måte i friidrettsgruppa, inkluderte dei som tek del i trim-aktivitetar, som t.d. Fjelltrimmen og mosjonsparti.

Stemne og arrangement

- Nordstrandsløpet, landevegsløp (medarrangør: Nordfjord folkehøgskule)
- Gloppen Halvmaraton
- Medarrangør på innandørsstemne i Trivselshallen
- Medarrangør på Gloppenmeisterskapen i friidrett
- Medarrangør av Sparebankleikane

Pga. koronapandemien vart KM terrengløp og Svinestranda Opp avlyste




Gloppen Halvmaraton: Leiar i friidrettsgruppa, leiar i Fjellhug/Vereide, og viktig eldsjel Birger Berge, med hovudsponsorlogoen i front.

Trening og konkurransar

Det er innetrening i Firdahallen i vinterhalvåret, saman med STIL. Det har vore god oppslutning hausten 2020, med 12-13 frå Fjellhug/Vereide. Med 15-20 frå STIL har det vore folksomt på treningane i Trivselshallen denne vinteren.

Våren og hausten 2020 hadde vi utetrening på Vereide, med brukbar oppslutning. Med feit anlegg på Sandane som ikkje innbyr til friidrettstrening, var vi nøgde med det vi fekk ut av dei litt avgrensa muligheitene på løpebana på Vereide.



Løpebana på Vereide

Løpebana vart etablert til i 1985, og er nokså utdatert i høve til korleis treningsfasilitetar bør vere i 2020. Mykje av tida til gruppeleiaren har i 2020 gått med til å undersøke og prøve å førebu ei rehabilitering av løpebana. I og med at avtalen med Opplysningsvesenets fond (OVF) går ut i 2025, ønskjer friidretten å få utbetra bana med eit kunststoffdekke, som kan vere meir attraktivt for trening og aktivitet.



T.v.:Løpebana på Vereide

T.h.: Kalle Glomsaker (NFIF, Narve Heggheim (Vestland

Idrettskrins og Asgeir Årdal (SFFIK) på synfaring.

Første steg på vegen, etter å ha handsama det i gruppa og styret i Fjellhug/Vereide il, var å ta kontakt med Opplysningsvesenets Fond, som ville skru opp festeavgifta frå 500 til 13.000,- pr år. Dette var sjølvsagt heilt uakseptabelt for idrettslaget, og etter mange rundar med OVF, og med takstmann som skulle fastsetje kvm-pris på grunnen, vart vi samde om ein sum på godt 3000,- kroner pr år, som idrettslaget kunne akseptere. Første skjær i sjøen var passert.

Men største utfordringa vart, som så ofte tidlegare på Vereide, kulturminne-styresmaktene i fylket. Søknaden vår om rehabilitering av toppdekket var kontant avslått. Ikkje berre det, dei vil også setje foten ned for vidare bruk av løpebana etter 2025, med følgjande argument for avslag, og nekt av vidare bruk:

«Plasseringa der har sannsynlegvis hatt store negative konsekvensar for kulturminna under løpebana der det kan vere fleire strukturar enn dei tre gravrøysene som allereie er registrert.

I tillegg utgjør bana eit utilbørleg skjemmande tiltak i det store og kulturhistoriske viktige gravfeltet på Vereide. Plasseringa av bana der er ikkje i tråd med vanleg forvaltingspraksis, verken dåverande eller dagens, sjå også § 3 i lov om kulturminne av 1978. Sjå også lovas føremål i § 1.

Investering og etablering av eit fast dekke vil ytterlegare sementere den uheldige praksisen. Slik vi ser det ville det også vere ei uheldig investering i eit areal der det ikkje er høve til framtidig arealutviding pga. det automatisk freda kulturminnet som anlegget vart plassert i.

Vereide skule er nedlagt for fleire år sidan. (...).

Det finst alternativ til å bruke idrettsanlegg annan stad. Kommunikasjon og transport er enklare i dag enn for 35 åra sidan. Jordvern har ikkje same posisjon så eit alternativ med å etablere eit funksjonelt anlegg annan stad i området som soknar til Fjellhug/Vereide, burde også vere til stades.»

Desse argumenta, saman med ein del andre, har vi førsøkt å tilbakevise i ein anke på vedtaket til Riksantikvaren, men utan dei store håpa om at avslaget vert omgjort der. OVF har også i sterke ordelag anka avslaget frå Vestland Fylke vidare til Riksantikvaren. Korkje dei eller vi har fått svar enno.

Parallelt med saksbehandling overfor OVF og Vestland Fylke, har vi jobba med spelemiddelsøknaden, som måtte vere inne i november. Der har vi fått fram kostnadskalkylar på heile prosjektet, og diverse avtalar. Dette kan pr i dag vere bortkasta arbeid, men som vi likevel fann å måtte gjere for å halde spelemiddelfristane. Som leiar i friidrettsgruppa kan eg trygt seie at det har vore ein frustrerende haust i møte med fleire instansar som eg hadde håpa kunne bidra til eit godt samarbeid til fordel for borna på Nordstranda!

Lyspunkta har vore god støtte frå idrettslaget, ordførar, fylkesordførar, idrettskrins, friidrettforbundet, og til sist også OVF, diverre utan at dette ser ut til å ende i eit godt resultat.



*Fylkesordførar Jon Askeland, saman med
Leidulf Gløpestad og Else Margrete Larsen*



*Handspriten sette sitt preg også på
Gloppen Halvmaraton!*



Gunnar Andre Henden (st.nr 105)

Gloppen halvmaraton

Gloppen halvmaraton har kvart år vore eit godt stemne, med utruleg gode tilbakemeldingar. 2020-utgava vart endå eit solid steg oppover for arrangementet.

Pga. restriksjonar og reglar rundt koronapandemien, måtte vi først setje eit tak på 160 løparar. Sidan tidlegare arrangement har hatt om lag 50 løparar, rekna vi med at dette var eit teoretisk tak, som vi ikkje ville kome i nærleiken av. Men påmeldingane strøymde inn, og før sluttstrek var sett, var det 170 på startlista.

Koronareglementet sette oss på ei ny utfordring når det galdt starten, i og med at det kunne vere max 25 i kvar startpulje. Dette løyste vi med å ha 7 puljar a ca 25 løparar, med start kvart minutt. På ein smal og svingete FV615 var det heller ikkje noko ulempe å spreie løparane på denne måten.

I år hadde vi også ein avtale med Vegvesenet om å stenge vegen frå Flølokrysset til Storebrua i 20 minutt ved starten av løpet. Dette var vesentleg for å ivareta sikkerheita til løparane.

Det vart eit fantastisk arrangement, ikkje minst pga av det flotte veret. Løparane kom i mål i om lag 20 grader, noko som ikkje er vanleg første helga i oktober!

Pga. det store talet deltakarar hadde vi som arrangørar gjor ekstra førearbeid med omsyn til registrering og tidtaking, sponsorarbeid, tilrettelegging med vakthald i løypa, osv. Det meste gjekk bra, og løparane la lite merke til det som ikkje fungerte hundre prosent. Men evalueringsrunden i etterkant viser at vi har ein del forbetringspunkt for komande arrangement, ikkje minst på tidtaking og registrering i mål. Dette kan gjerast betre og sikrare.

Gloppen Halvmaraton skulle eigentleg vere generalprøve framfor NM Halvmaraton 2021. Pga korona-endringar i terminlistene, er vårt NM forskjøve til 2022. Då vil vi få ny generalprøve i 2021, med håp om like mange deltakarar som i år.

Resultat 2020

Det har vore få banestemne dette året, og dermed lite resultat å hente frå ulike arrangement. Dei som no er med på friidrett er også så unge enno at det vert ikkje reist på stemne utanfor kommunen. I friidrettsgruppa håpar vi det vert endring på dette i framtida.

Vi tek likevel med at Gunnar Andre Henden (GFIL) vart nummer 2 i seniorklassa på Gloppen Halvmaraton, med den gode tida 1.12,06, berre 2 sekund bak vinnaren Sjur Haug (med aner også frå Gloppen). Sverre Nesdal Aske, Fjellhug/Vereide, vann klassa 45/49 med den også svært gode tida 1.17,14. Vidar Eide, Fjellhug/Vereide vart nr. 2 i 55-59-klassa med 1.35,39. Mathias Nesgård, Fj/V vart nr. 3 i Menn junior, med tida 1.25,21.

Oppsummering av sesongen 2020

Dette året vil først og fremst verte hugsa som KORONA-ÅRET. Restriksjonar og nedstengingar førde til stengde hallar og avslyste stemne periodevis i året, og i det heile ein idrett på vent. Treningane har vi likevel fått til å gå nesten som normalt, sidan mykje av friidretten kan drivast utandørs.

Friidrettsgruppa har likevel jobba godt for friidretten i laget og kommunen, trur vi. M.a. har vi landa 6 sponsoravtalar som vedrører Svinestranda Opp og Gloppen Halvmaraton. Opprinneleg var avtalane to-årige, med arrangementa i -20 og -21 som sponsorobjekt. Men med avlyst S.O. i 2020, og med NM Halvmaraton utsett til 2022, vil avtalane bli forlenga tilsvarande. Tusen takk til **Frydenbø, BANO, Accountor, Nordfjord Laks, Sparebanken Sogn og Fjordane, og Sogn og Fjordane Energi** for positivitet og interesse!

I tillegg til å arrangere stemne sjølve, er vi også medarrangørar for andre stemne i kommunen, m.a. Sparebankleikane på Byrkjelo. Både til våre stemne, og fellesstemna, treng vi ofte mange og gode funksjonærar. Vi er difor veldig glade når vi får eit ja til å stille på! Tusen takk til foreldre og andre for at de hjelper oss når vi ber om det.

Ei oppfordring til slutt: Det er stort sett same folka som går igjen som leiarar, tillitsvalde, trenarar, og dommarar. Vi ser så svært gjerne at det blir litt lettare å finne nye ansikt mellom oss! For å arrangere stemne er det krav om at ein viss del av funksjonærane må vere dommarar. Kan vi i 2021 få be om at vi får med Fjellhug/Vereide-folk på dommarkurs, slik at vi framleis kan arrangere stemne for born og borneborn i klubben?

Vi ønskjer oss alle og kvarandre eit godt koronafritt 2021!

Friidrettsgruppa v/ Dagfinn Nyhammer



Årsmelding frå trimgruppa

Trimutvalet har bestått av Bård Kjetil Aske (leiar), Dag Apalset, Edvard Fjellestad, Kjell Jørgen Slettvold og Rune Hauge.

Fjelltrimmen på Nordstrandsfjella var godt besøkt også i 2020. Det har vore 9610 registreringar og det er sikkert mange som ikkje registrerer seg. Det er premiering til dei beste i dei ulike klassane.

Det har elles vore lite aktivitet etter at koronapandemien inntraff då det har vore vanskeleg å arrangere dei vanlege trimaktivitetane med tilstrekkeleg smittevern.

Barneidretten

Barneidretten har bestått av Egil Fjellestad (leiar), Kevin Skinlo Denton, Bodil Hjelmeset, Bodil Fjellestad Eikrem og Marius Aske.

Det var starta opp grupper for barneidrett etter jul med to grupper for barnehageborn på folkehøgskule og på Nordstranda skule i tillegg til ei gruppe for 1-2. klasse. Desse gjekk fram til koronapandemien som sette ein stoppar for barnetrimmen fram til 2021.

Årsmelding volleyballgruppa 2020

Vinter/vårsemester 2020

Gruppestyre

Birte Fossheim (leiar), Kari Søreide, Heidi Kroken Bruland.

Damelag i 3 divisjon

Trenar: Ragnhild Gimmetstad og Bodil Reed Hammersland

Fjellhug/Vereide sitt damelag fekk fullført seriespel før det vart korona-nedstenging. Vi spelte 4 seriekampar mot Florø, Førde og Jølster. Mykje godt spel og god innsats av jentene. Etter 11. mars kom vi ikkje i gang att med volleyballtrening før det var sommarferie.



Volleyballgruppa søkte og fekk støtte til ny volleyballsand på Gloppen ungdomsskule av Sparebankstiftinga. Dette var ekstra koronamidlar, og ny sand førte til aktivitet for alle som ville spele

volleyball ute denne sommaren. Arbeidet med å få skifte ut gamal sand og lagt på ny vart gjort på dugnad av Olav Hjelmeseth AS (transport) og volleyballgruppa. Sanden kom frå Danmark og var ein fellesbestilling for mange kommunar koordinert gjennom Volleyballforbundet.



Aldersbestemt 6.–10. klasse

Trenarar: Anna Wiik og Andrine Midtbø frå idrettslinja på Firda vgs.

Vi hadde også ei mindre gruppe for aldersbestemt som trente fram til 11. mars. Litt få spelarar i denne gruppa. Rundt 6-8 på trening. Men ein ivrig og fin gjeng som hadde stor glede av volleyballtilbodet.

Gubbetrening

Etter volleyballturneringa i jula 2019, så var det fleire «eldre» som hadde spelt volleyball tidligare, som hadde lyst å trene for moro skuld. Vi fekk då ein gjeng som brukte den delen av hallen som var ledig frå kl 20 – 21 til denne gruppa i vår- og haustsemsteret.

Haust 2020

Damelag

Trenarar: Ragnhild Gimmestad og Bodil Reed Hammersland

Etter ein lang treningspause, var vi ivrige etter å kome i gang igjen når skulane starta opp. Vi hadde første trening tysdag 25. august. Det kom fleire nye damespelarar, og vi fekk avklart at vi var klar for nytt seriespel også sesongen 2020/2021! På grunn av korona fekk vi berre spelt ein seriekamp i haustsesongen, men vi fekk halde fram med trening på tysdagar fram til 8. des.



Aldersbestemt

Vi klarte ikkje å få trenarar frå Firda vgs til å trene aldersbestemt denne sesongen, og kom difor ikkje i gang med trening for denne aldersgruppa.

Nytt volleyballtilbod for gutar

Denne hausten fekk vi også i gang ei gruppe med unge gutar som begynte å trene. Dette lovar svært bra om vi også kan få til eit herrelag i serien frå neste haust.

Trenar: Thomas Veggeland, gymlærer på Firda vgs.



Juleturnering

Vi hadde planlagt med juleturnering i volleyball 3. juledag. Denne fekk vi dessverre ikkje gjennomført pga korona og restriksjonar for smittevern.



Dugnad

Volleyballgruppa har delteke på dugnadsarbeid knytt til serveringsoppdrag i klubben.

Volleyballgruppa 08.02.21

Birte Fossheim

Kari Søreide

Heidi Kroken Bruland

Årsmelding frå handballgruppa

Handballgruppa har i år bestått av fem medlemmar, Janne Katrin Føleide, Benedikte Hatledal, Siv Anita Drageset, Sissel Ravnstad og Hege Roth-Andenæs (leiar). Vi har hatt fem møter.

Dette året har vi hatt med fem lag. Koronasituasjonen har prega veldig mykje av sesongen. Ingen av minilaga (G8 og J7) har spelt turnering. Jenter 13 år er dei som har spelt flest kampar. G12, har spelt noko og G10 nesten ingenting. Else Lundestad Bakkelid, Ingrid Gimmetstad, Anette Holvik, Elin Rek Nedrebø, Bjørn Roth-Andenæs, Roger Hjelmeset og Inger Marie Søreide har vore trenarar for laga våre og løyst den vanskelege situasjonen på ein god måte. Dei yngste jentene har trena på Nordstranda skule, medan dei andre har trena i Trivselshallen.

Vi har hatt tre arrangement for J13, dette har fungert godt og foreldre er flinke å stille på når dei skal. Nokon vanskar ift smittevern på arrangement. Vi skulle hatt fleire arrangement, men desse har vorte avlyste.

Nokre av G12 spelarane har trena saman med STIL G13 ein periode av året. Dette har vore lærerikt og kjekt.



Det er mange fleire frå Nordstranda som spelar handball. Det har vore eit problem for oss at vi er for få til å stille lag, difor har vi hatt eit godt samarbeid med STIL og våre aldersbestemte spelarar spelar der.

Ein del utfordringar dette året altså, men likevel mange aktive handballspelarar. Vi ser fram til ein forhåpentleg betre komande sesong.

Handballgruppa v/Hege Roth-Andenæs

Årsmelding frå orienteringsgruppa

2020 var også for orienteringssporten prega av korona, i tillegg til at det har vore lite aktivitet i orienteringsgruppa siste åra. Få løp vart arrangerte i 2020, men Fjord-O gjekk av stabelen med Førde IL og Tambarskjelvar IL som arrangørar i juli med tilpassa smitteverntiltak. Det var over 500 deltakar på alle 4 løpa, og arrangementet var strekt ut tidsmessig for å minimere kontakten mellom løparane. Jens Petter Andersen for Fjellhug/Vereide i klasse H35 i alle 4 løpa. Han fekk 3 2.plassar og ein 3.plass.

Orientering v/Vidar Eide

Årsmelding frå økonomigruppa

Hovudoppgåva til økonominemnda er å skaffe inntekter til drift av idrettslaget. Dette har vi gjort ved å arrangere basar, kiosk og dugnader av ulike slag. Vi har hatt eit år prega av redusert aktivitet og dette har ført til redusert nedgang i i oppdrag og inntekter.

Vi har ikkje hatt fellesmøte grunna korona, men vi har brukt facebookgruppe der vi avtaler organisering rundt dei forskjellige arrangementa.

Medlemmar:

- Roger Sunde Andenæs (leiar)
- Eli Evebø
- Knut Åge Hauge
- Grete Liv Tisthamar
- Jan Eirik Aske (vara)

Aktivitetar:

- Digital basar.
- Kiosk Gloppen halvmaraton
- Servering bryllaup.

Resultat av aktivitetar 2020:

Kiosk Gloppen halvmaraton kr. 4700

Servering Bryllaup kr. 1800

Basar kr. 37.000

Sum inntekter: kr. 43.500

Sum utgifter kr 5000

Årsresultat kr 38.500

Økonomigruppa vil rette ei stor takk til alle som har vore positive og stilt opp på dugnader, gjeve vinstar til basar, og kjøpt lodd med oss.

Økonomigruppa v/ Roger Sunde Andenæs

Arbeidet i historienemnda 2020-2021

Historienemnda består framleis av Bjarne Hauge, Berit Åsebø Hauge, Dagfinn Nyhammer, Ingrid Gimmestad, Torill Fjellestad, Arne Klakegg (foto/illustrasjonar) og Per Rune Vereide (økonomi). I tillegg er Vidar Eide inne i arbeidet med orientering. Vi har i denne perioden ikkje fellesmøte – arbeidet er over i den fasen at underteikna støttar seg på dei ulike medlemene etter kvart som skrivinga av dei ulike kapitla går føre seg.

Stoffinnsamling (intervju, skriftlege kjelder) har prega arbeidet fram til januar dette året. Januar, februar og mars har vore månader med mange og lange skriveøkter. Kapittelet om orientering er nesten heilt ferdig (det skal kvalitetssikrast av Vidar Eide og Bjarne Hauge og deretter finpussast). Kapittelet om handball er godt i gong. Skrivinga om friidrett er byrja og her er stadig Dagfinn Nyhammer inne med massevis av materiale/kunnskap. I tillegg er nokre kortare tekstar om lag klar. Dette gjeld portrettet av dei fire kvinnelege leiarane vi har/har hatt i idrettslaget vårt opp gjennom åra, og personportrett av Håkon Lundestad, Harald Gjengedal og Dagfinn Nyhammer. Her er det og klart for intervju/skriving med Astrid Hauge og Jonfinn Aske.

31. desember 2021 skal dette arbeidet vere ferdig: kapitla om orientering, handball, barneidrett og trimgruppa/fjelltrimgruppa. Fem (av 12) personportrett skal og vere ferdige.

I 2022 og 2023 skal kapitla om ski, friidrett og volleyball skrivast – og dei sju siste personportretta.

I denne perioden skal det og skrivast om dei store arrangementa Fjellhug/Vereide IL gjennomfører/har gjennomført samt den generelle historia til laget. Vi vert med andre ord ikkje arbeidslause den neste tre åra.



Friidrettsutøveren og hekkespesialisten Harald Gjengedal (f. 1956-2021) – Fjellhug/Vereide IL er ein av dei store toppidrettsutøvarane i Sogn og Fjordane gjennom tidene. Han deltok i ei rekke landskampar for Noreg i siste halvdel av 1970-talet, og i ettertid er han mest kjend for gullmedaljene han fekk på 400 meter hekk under junior-NM i 1975 og 1976, og i enda større grad for å ha vunne senior -NM i same distanse fire år på rad i perioden

1976-1979. Her saman med onkelen og trenaren gjennom heile karrieren, Håkon Lundestad, som kom tilbake til Sandane på slutten av 60- talet og på kort tid gjorde Fjellhug/Vereide IL til ein føregangsklubb i friidrett i Sogn og Fjordane.



*Krinsrekord 1972 – 4 x 100 m stafett:
Bjørn Birkenes, Håkon Lundestad, Jonfinn Aske, Eivind Senneset*

For historienemnda, Øyvind Indrebø